

Saksgang

Utv <u>al</u>	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021

Tilskot frå spelemiddelordninga til kulturbrygg 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver tilskot til kulturbrygg i Vestland. Til fordeling er:
 - 6 084 631 kr i spelemidlar via Kulturdepartementet
 - 31 309 kr i midlar avsett til ev. klagehandsaming frå 2020
 - 1000 kr i inndregne midlar frå 2020
 - 41 113 kr i rentemidlar frå bankkonto/fond Sogn og Fjordane 2020
 - 71 254 kr i rentemidlar bankkonto/fond frå Hordaland/Vestland 2020

Hovudutvalet vedtek å løyve totalt 6 161 200 kr i tilskot til kulturbrygg i Vestland 2021 slik:

Søkjar	Kommune	Pri	Tiltak	Tilråding
MANGER UNGDOMSLAG	Alver	1	Kjøkkentilbygg	428 000
ALVER KOMMUNE	Alver	2	Ny hall og skule tilrettelagt som lokalt kulturbrygg	Avslag
ASKVOLL SAMFUNNSHUS	Askvoll	1	Vindauge og fasade	Avslag
FOLLESE KULTURSENTER	Askøy	3	FOLK vil skape et kultur- og aktivitetssenter for alle.	Avslag
ASKØY KOMMUNE	Askøy	2	3. etg i Strusshamn kultursenter	140 000
ASKØY KOMMUNE	Askøy	1	Utescene	Avslag
AUSTEVOLL KOMMUNE	Austevoll	2	Ombygging av elevaula til kultursal	Avslag
KOLBEINSVIK VEL	Austevoll	1	Tilbygg til eksisterande kulturarena	500 000
Bjørnafjorden Kommune	Bjørnafjorden	1	Kulturdel m/scene, lagerrom	500 000
LYGREPOLLEN GRENDALAG	Bjørnafjorden	2	Ombygging toalett(handicap),skifte tak	Avslag
EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS	Bjørnafjorden	3	Ombygging / fornying av vestibyle, gang	Avslag
STIFTELSEN [...] FRIDTJOF SUNDTS [...]	Bjørnafjorden	4	4 tiltak på Fridtjof Sundts Musikkhall og Kjeglebane ved Skorpo	Avslag
SVELGEN SAMFUNNSHUS	Bremanger	1	Renovering av hovudtaket	422 000

FJALER KOMMUNE	Fjaler	2	Kulturhus / idrettshall ved nye Dingemoen skule	Avslag
DALE UNGDOMSLAG	Fjaler	1	Ungdomshuset Trudvang - rehabiliteret bygget.	Avslag
SAMEIGET BREIMSHALLEN	Gloppen	1	Kjøkken	271 000
HØYANGER KOMMUNE	Høyanger	1	Univserell tilkomst, rehabilitering av tekniske anlegg samfunnshuset	Avslag
REKSTA UNGDOMSLAG	Kinn	4	Toalett. Isolere, ny kledning, plater innvendig. Rehabiliteret kjøkken.	Avslag
KINN KOMMUNE	Kinn	1	Eikefjord Kulturstove - Nybygg i tilknytting til Eikefjord Fleirbrukskall	500 000
ALMENNING GRENDALAG	Kinn	3	HC-toalett med universell utforming	Avslag
STAVØY GREDELAG	Kinn	2	Grendahus	Avslag
FOLKETS HUS	Kvam	2	Kjøken	Avslag
LIDARENDE SAMFUNNSHUS P/L	Kvam	1	Rehabiliteret taket	297 000
SØRHEIM GRENDALAG	Luster	1	2 tiltak på Sørheim grendahus ved Sørsida Skjolden - Kroken - Ornes	Avslag
LÆRDAL KOMMUNE	Lærdal	1	Oppgradering/ombygging av kjøkken. Tilrettelegging for handicap-tilkomst og bygging av HC-toalett.	277 000
NORDBYGDA SAMFUNNSHUS SA	Masfjorden	1	Tak, toalett og kjøkken	426 200
VALESTRAND UNGDOMSLAG	Osterøy	1	2 tiltak på Samlingshuset Kongshall ved Valestrand ungdomshus	339 000
SOGNDAL KOMMUNE	Sogndal	1	Rehabilitering av på regionalt kulturygg ved Sogndal kulturhus	750 000
GAMLE INNVIK ULLVAREFABRIKK	Stryn	1	2. etasje, publikumsområde, brannsikring og universell tilkomst, oppgradering av el-installasjonar.	241 000
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	9	Førdehuset, tak	Avslag
BYGSTAD SAMFUNNSHUS SA	Sunnfjord	1	Bytte vindu kjeller - fasade vest	170 000
FØRDE NORMISJON	Sunnfjord	8	Bytte vindauge. Utbetring og måling av tak og veggar i aktivitetssal. Legging av teppeflisar på scene.	Avslag
GJESTHALLA	Sunnfjord	7	Rehabilitering av Gjesthalla.	Avslag
NAUSTDAL UNGDOMSLAG	Sunnfjord	3	Rehabilitering av utvendig tak + 8 vindu	Avslag
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	2	Gaular folkebibliotek: Hovudbiblioteket	Avslag
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	4	Universal utforming heis, Førdehuset	Avslag
SUNNFJORD KOMMUNE	Sunnfjord	6	3 tiltak på Gamlebanken.	Avslag
VÅRVON UNGDOMSLAG	Sunnfjord	5	Riving av tilbygg og oppføring av nytt.	Avslag
ULLENVANG KOMMUNE	Ullenvang	4	Bibliotek som del av fleirbrukskall	Avslag
ULLENVANG KOMMUNE	Ullenvang	3	Kinsarvik heradshus skal byggast om/tilpassast bibliotek	Avslag

UTNE GRANALAG	Ullensvang	2	Kjøkken i grendahuset	Avslag
STIFTELSEN SENTRALBADET				
LITTERATURHUS	Ullensvang	1	Sentralbadet	400 000
VAKSDAL KOMMUNE	Vaksdal	1	Kultursal	500 000
VAKSDAL KOMMUNE	Vaksdal	2	Bibliotek	Avslag
GRENDAHUSET LJOSHEIM	Vaksdal	3	Oppgradering og bevaring av Grendahuset Ljosheim, Flatekval	Avslag
KULTURTERMINALEN	Øygarden	1	"Kulturterminalen i Øygarden" - produksjonslokaler for scenekunst-, musikk- og filmproduksjon.	Avslag
				Sum 6 161 200

2. Følgjande er ikkje godkjente søknader om tilskot til kulturygg 2021, då dei ikkje stettar krava i retningslinjene:

Søkjar	Kommune	Pri	Tiltak	Tilråding
EKNESVÅGENS VENNER	Alver	-	2 tiltak på Grindabygget ved Eknesvågen	Ikkje godkjent
MØKSTER VELFORENING	Austevoll	-	Ballbingen trenger betydelig oppgradering.	Ikkje godkjent
BEKKJARVIK EIENDOM AS	Austevoll	-	Utbetring av kai og hus, tilbygg på trebrygge for servering, overtaking av 5 historiske fiskebåter.	Ikkje godkjent
MØKSTER VELFORENING	Austevoll	-	Møkster Velforening har overtatt skolehuset og skal drive aktivitets-, kultur -og utleievirksomhet.	Ikkje godkjent
KLOSTERET 17	Bergen	-	vinduer, nødutgangsdør, kjellerdør og sprekk i grunnmur.	Ikkje godkjent
STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Bergen	-	Nytt publikumsbygg i Gamle Bergen.	Ikkje godkjent
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	-	3 tiltak på Bergen Kjøtt ved Stiftelsen Bergen Kjøtt	Ikkje godkjent
BØMLO HOBBYLAG	Bømlo	-	Ombygging/rehabilitering av flerbrukslokale for kultur ved Bømlo hobbylag	Ikkje godkjent
STIFTELSEN NORSK FJORDHESTGARD	Gloppen	-	3 tiltak på Norsk fjordhestgard ved Norsk fjordhestgard	Ikkje godkjent
EIVINDVIK UNGDOMSLAG	Gulen	-	Ombygging/rehabilitering av: Vårtun ungdomshus.	Ikkje godkjent
JOSTEDAL UNGDOMSLAG	Luster	-	2 tiltak på Dølaheimen ved Dølaheimen ungdomshus	Ikkje godkjent
SUNNHORDLAND MUSEUM	Stord	-	Ombygging/rehabilitering av Sunnhordland museum sitt hovudbygg.	Ikkje godkjent
KYSNESSTRAND UNGDOMSLAG	Ullensvang	-	Asfaltering av veg, parkeringsplass og uteareal	Ikkje godkjent
TORSNES UNGDOMSLAG	Ullensvang	-	Tilbygg nytt kjøkken	Ikkje godkjent

3. Det vert sett av 68 107 kr til klagehandsaming.

Det vert vist til vedlegg med oversikt over søkerarar for meir informasjon om tiltaka og grunngjeving for tilrådingane.

Samandrag

Det er i 2021 kome inn i alt 60 søknader om tilskot til kulturbygg i Vestland. 46 av søknadene er tilrådd godkjent, då dei stettar krava i tilskotsordninga. Godkjent søknadssum er på 27 467 422 kr, og det er i alt 6 229 307 kr til fordeling mellom søkerane.

Fylkeskommunedirektøren tilrår å nytte spelemidlar fordelt av Kulturdepartementet, samt inndregne midlar, rentemidlar og midlar sett av til klagehandsaming frå 2020. Det vert også sett av midlar til eventuell klagehandsaming. Midlane til fordeling gjennom tilskotsordninga er langt unna å fylle behovet. Fylkeskommunedirektøren har lagt ei streng prioritering til grunn basert på vurderingskriteria i retningslinjene for ordninga.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Spelemidlar kulturbygg 2021 med grunngjeving
- 2 Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg - fordeling av spillemidler 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidlar av overskotet av statlege spel, gjennom tildelingar til idrett, friluftsliv, frivilligkeit, kultur og andre samfunnsnyttige formål. Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er finansiert gjennom spelemidlane, og blir fordelt av fylkeskommunane.

Speleoverskotet til Norsk Tipping AS 2020 vart fordelt i statsråd 7. mai 2021, og fylkeskommunane fekk e-post frå Kulturdepartementet om fordelinga til kulturbygg same dag. Departementet har fordelt 56 250 000 til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Her er den fylkesvise fordelinga:

Viken	9 838 308
Oslo	6 157 003
Innlandet	4 566 531
Vestfold og Telemark	4 582 956
Agder	3 865 872
Rogaland	4 892 579
Vestland	6 084 631
Møre og Romsdal	3 583 242
Trøndelag	5 097 436
Nordland	3 628 542
Troms og Finnmark	3 952 900

Kommunane set eigne lokale søkeradsfristar til tilskotsordninga. Alle søkerader går via anleggsregisteret.no, og kommunane i Vestland har frist til 30. april med å gå gjennom og sende vidare søkerader som er funne i orden til fylkeskommunen. Ved fristen 30. april var det registrert 60 søkerader om tilskot til kulturbygg i anleggsregisteret. Det var totalt 25 nye, 7 gjentekne og 28 fornaya søkerader ved årets søkeradsrunde.

Fylkeskommunen handsamar søkeradene etter at dei er sendt over frå kommunane for å sjå om dei stettar krava i retningslinjene for ordninga. Alle kommunar med søkerader som inneheld manglar blir kontakta undervegs for å kunne rette opp i søkeradene, og mange av desse blir endeleg godkjent etter denne runden. I 2021 vart i alt 46 av 60 innsendte søkerader godkjent og sett som «formelt i orden» i anleggsregisteret.

Trass i at mange søkerader er godkjent i anleggsregisteret er det forholdsvis få som blir tilrådd tilskot. Dette grunna tronge økonomiske rammer i ordninga. I 2021 er det godkjent søkerader for 27 467 422 kr, medan det berre er 6 229 307 kr til fordeling. Av i alt 46 godkjente søkerader er 16 tilrådd tilskot.

Alle dei sju gjentekne søkeradene er tilrådd tilskot, då dei gjennom tidlegare vedtak har fått løyving over fleire år. Dei andre søkeradene som er tilrådd tilskot er fornaya søkerader. Desse har søkt på tilskotsordninga ein eller fleire gongar tidlegare. Nokre av løyvingane vil vere fleirårige, der heile søkeradssummen er godkjent, men der tildelinga blir gjort over fleire år.

Fylkesdirektøren tilrår at hovudutvalet også tildeler inndregne midlar og rentemidlar frå 2020, i tillegg til spelemidlane frå Kulturdepartementet. Inndregne midlar er frå kulturbygg som ikkje har rett på å få heile tilskotet utbetalt, t.d. fordi tiltaket har hatt lågare kostnader enn budsjettet. Rentemidlane er frå bankkontiane der spelemidlane til kulturbygg er plassert fram til dei blir utbetalt til mottakarane.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering sette i 2020 også av 107 949 kr til eventuell klagebehandling. Det vart ikkje gitt medhald til klager på tildelinga i 2020, og desse midlane er derfor tilgjengelege. Ved ein feil vart det i 2020 gjort vedtak om å nytte klagemidlar frå tilskot til kulturbygg i Sogn og Fjordane frå 2019 på 76 640 kr. Desse midlane vart ikkje sett av i 2019, og klagemidlane frå 2020 til fordeling i 2021 er dermed redusert tilsvarende. Det blir derfor tilrådd å fordele 31 309 kr av klagemidlar frå 2020 ved tildelinga i 2021. Fylkesdirektøren rår til at det i 2021 blir sett av 68 107 kr til eventuell klagebehandling.

Føremål med ordninga

Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevest til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan også gjevest til etablering av livssynsnøytrale seremonior.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikke til vedlikehald eller drift.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Til fordeling frå Kulturdepartementet 2021:	6 084 631 kr
Inndregne midlar tidl. Sogn og Fjordane 2020:	1000 kr
Rentemidlar tidl. Sogn og Fjordane 2020:	41 113 kr
Rentemidlar tidl. Hordaland 2020:	71 254 kr
Klagemidlar frå Vestland 2020 (justert):	31 309 kr
Totale midlar til fordeling 2021:	6 229 307 kr

Avsett til evt. klagebehandling:	68 107 kr
---	------------------

Søknadsfrist for kommunane 2021:	30. april (lokale fristar for søkjrarar)
Vedtak kriteria/retningslinjer:	KULII 13. januar 2021, PS 9/2021
Kriteria og informasjon om ordninga:	Nettsida vestlandfylke.no

Tal på søknadar totalt:	60 søknader
Tal på godkjente søknader:	46 søknader
Tal på søknadar som er innstilt for tilskot:	16 søknader
Samla godkjent søknadssum:	27 467 422 kr

Tilrådd til fordeling:	6 161 200 kr
-------------------------------	---------------------

Fylkeskommunedirektøren sine overordna kommentarar til innstillinga:

Søknadene i år kjem frå bygg med ulik storleik, funksjon og eigarskap. Mange av søknadene er frå frivillige lag, ein stor del frå kommunar og nokre færre frå stiftingar o.l. Tiltaka i årets søknader er i hovudsak rehabilitering og modernisering. Nokre få av tiltaka gjeld nybygg eller utandørs arenaer. Fylkeskommunedirektøren har lagt ei streng prioritering til grunn for innstillinga, då det er godkjent søknader for 27 467 422 kr, medan det berre er 6 229 307 kr til fordeling.

Det er sett ned kriterium for vurdering av søknadene i retningslinjene for tilskotsordninga, vedtatt av hovudutvalet i møte 13. januar 2021. Kriteria er sett opp punktvis med bokstavar, som det blir referert til i grunngjevinga (vedlegg), og som vi viser til i saksframlegget vidare. Vurderingskriteria er som følgjer:

- Lokale arenaer, som t.d. grendehus, forsamlingshus og ungdomshus, som inneholder kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osb.) vert prioritert.
- Fornya søknadar som er godkjent i anleggsregisteret tidlegare, men som har fått avslag grunna manglende rammer.
- Kommunale prioriteringar vert følgde, så langt som råd.
- Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- Geografisk breidde i tildelingane.

Sju av søknadene som er tilrådd støtte i 2021 er såkalla «gjentekne» søknader. Dette er godkjente søknader som har fått innvilga støtte tidlegare år, men der løyvinga er fordelt over fleire år. Dette gjeld søknadene frå:

- Kolbeinsvik bygdahus, Austevoll kommune (godkjent for 1,5 millionar i 2020, med tilsegn over fleire år).
- Os ungdomsskule / Os Aktiv - kulturscene, Bjørnafjorden kommune (godkjent for 1 million i 2020, med tilsegn over fleire år).
- Eikefjord skule/kulturscene, Kinn kommune (godkjent for 1,5 millionar kr i 2019, med tilsegn over fleire år).
- Nordbygda samfunnshus, Masfjorden kommune (godkjent for 851 200 kr i 2020, med tilsegn over fleire år).
- Samlingshuset Kongshall, Osterøy kommune (godkjent for 1 339 000 i 2018, med tilsegn over fleire år).
- Sogndal kulturhus, Sogndal kommune (godkjent for 2, 025 millionar kr i 2019, med tilsegn over fleire år).
- Dale kultursal, Vaksdal kommune (godkjent for 1,5 millionar i 2020, med tilsegn over fleire år).

I tillegg til dei «gjentekne» er 28 av søknadene såkalla «fornya» søknader. Dette er søknader som er godkjent av fylkeskommunen tidlegare år, men der det ikkje vart løyvd tilskot grunna manglende midlar. Fylkeskommunedirektøren innstiller på å løyve midlar til fleire av dei fornya søknadene i 2021, då dette er eit av vurderingskriteria i retningslinjene (punkt b).

I vurderingskriteria er det m.a. slått fast at «Lokale arenaer, som t.d. grendehus, forsamlingshus og ungdomshus, som inneholder kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osb.) vert prioritert.» (punkt a). Fem av dei godkjente søknadene i 2021 er frå kulturarenaer med regional funksjon:

- Sunnfjord kommune / Førdehuset har to søknader, på 330 000 kr og 1 023 222 kr.
- Sogndal kommune / Sogndal kulturhus søker om 750 000 kr.
- Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus, Ullensvang kommune, søker om 1,5 millionar kr.
- M12-gruppen/Kulturterminalen, Øygarden kommune, søker om 1 millionar kr.

Fylkeskommunedirektøren innstiller på å løyve midlar til Sogndal kulturhus. Søknaden frå Sogndal kommune til kulturhuset er ein «gjenteken» søknad, og har dermed rett på tilskot fram til heile den godkjente søknadssummen er tildelt. Fylkeskommunedirektøren tilår også tilskot til Sentralbadet Litteraturhus, då søknaden er «fornya» og dette kulturhuset er prioritert som nr. 1 av kommunen. Fylkeskommunedirektøren tilår avslag på dei tre andre søknadane frå arenaer med regional funksjon. Dette for å kunne prioritere lokale kulturbrygg innanfor dei tronge økonomiske rammene i ordninga. Dei regionale kulturarenaene har høve til å søkje fylkeskommunen om midlar via ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. M12-gruppen og Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus har søkt om tilskot via denne ordninga.

I prioriteringane vidare har fylkeskommunedirektøren lagt kriteria om «Geografisk breidde i tildelingane» (punkt e) og «Kommunale prioriteringar vert følgde, så langt som råd.» (punkt c) spesielt til grunn. Det er godkjente søknader frå i alt 21 kommunar, og fylkesdirektøren innstiller på å løyve midlar til tiltak i 16 av desse. Fylkeskommunedirektøren innstiller på å løyve midlar til eitt tiltak i kvar av desse kommunane, slik at midlane blir fordelt ut på flest mogleg kommunar. Dette av omsyn til kriteriet om geografisk breidde. Alle søknadene som er tilrådd støtte er «gjentekne» eller «fornya» søknader, og dermed godkjent tidlegare år.

Alle søknadene som er tilrådd støtte er prioritert som nr. 1 i heimkommunen, med unntak av søknaden som gjeld Strusshamn kultursenter i Askøy kommune. Denne har kommunen prioritert som nr. 2, og utescene ved Herdla Fort er prioritert som nr. 1. Fylkeskommunedirektøren tilår at Strusshamn kultursenter blir tildelt midlar framfor Herdla fort, då søknaden for Strusshamn kultursenter i større grad svarar ut vurderingskriteria i retningslinjene for ordninga, vedtatt av hovudutvalet 13. januar 2021. I punkt a) i vurderingskriteria blir det slått fast at «Lokale arenaer, som t.d. grendehus, forsamlingshus og ungdomshus, som inneholder kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osb.) vert prioritert.» Fylkeskommunedirektøren tilår derfor å prioritere annleis enn kommunen i dette tilfellet.

Fylkeskommunedirektøren innstiller på avslag på søknader som gjeld bibliotek. Dette grunna tronge rammer i ordninga, og fordi bibliotek er ei lovpålagt oppgåve for kommunane, og dermed ei kommunal oppgåve å finansiere. Fylkeskommunedirektøren innstiller på avslag på søknader som gjeld utandørs kulturarenaer, då desse ikkje er prioritert gjennom vurderingskriteria i ordninga, fastsett av hovudutvalet i januar 2021.

Fylkesdirektøren ser gjennom årets søknadsrunde at det er ei kraftig underfinansiering av kulturbygg med dagens spelemiddelordning. Svært mange av dei godkjente søknadene er tilrådd avslag, og det vil vere vanskeleg å finne rom for tilskot til desse i åra framover, om fordelinga via Kulturdepartementet ligg på same nivå som i dag. Dette kan medføre at mange prosjekt risikerer å bli sett på vent eller ikkje blir realiserte. Taparen er det lokal kulturlivet, som får dårlegare arenaer for innøving og utøving av teater, dans, kunst og musikk.

Absolutive kriteria

Utdrag frå retningslinjene for tilskot til kulturbygg i Vestland:

1.2 Vilkår for tilskot

Lokala må vere planlagt ut frå definerte behov og bør vere fleksible. Kulturhusa bør lokalisert sentralt i lokalsamfunnet eller regionen.

Bygningane skal i størst mogeleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksem. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

1.3 Utforming

Bygg som mottek tilskot skal utførast i samsvar med dei til kvar ei tid gjeldande reglar i plan- og bygningslova, jf. m.a. § 29 i plan- og bygningslova. Fylkeskommunen må medverke til at bygga vert føremålstenlege ut frå formåla for prosjekta.

2.2 Kven kan søkje:

Søkjarar om tilskot til kulturbygg kan vere

- kommunar, kommunale føretak og fylkeskommune
- frivillige lag og organisasjonar
- aksjeselskap (AS), allmennaksjeselskap (ASA), samvirkeføretak (SA) og andre selskap med avgrensa ansvar (BA)
- stiftingar
- andre samanslutningar

Det vert ikkje opna for å gje tilskot til tiltak eller organisasjonar der føremålet er organisasjonen eller privatpersonar si eiga økonomiske vinning. Går eit kulturbygg med overskot skal overskotet nyttast til vidare drift eller vidare investering i kulturbygget.

2.6 Følgjande vedlegg skal følgje søknad:

- Dokumentasjon på kven som er eigar av tiltaket/bygget, jf. punkt 2.10.3.
- Vedtekter for bruken av bygget/arenaen.
- Framdriftsplan for tiltaket.
- Skriftleg presentasjon av tiltaket, inkludert ei behovsvurdering.
- Ved ombygging, modernisering og rehabilitering skal det ligge ved omtale av eksisterande drift og bruk av kulturbygget.
- Plan for bruk, drift og forvaltning av kulturbygget. Planen skal mellom anna gje opplysningar om brukstid og brukargrupper.
- Teikningar av bygget/lokala. inkl. ev. etasjar som ikkje er omfatta av tiltaket i søknaden. Teikningane skal ha rette mål og mål skal vere oppgjevne. Alle teikningar skal ha tittelfelt som inneheld skildrande namn (plan/fasade/snitt etc.).
- Detaljert kostnadsoverslag for tiltaket. Administrasjonskostnad, medrekna utgifter til revisjon, kan maksimalt utgjere 5 % av godkjend totalkostnad.
- Finansieringsplan, som gjer greie for finansieringa av dei samla kostnadane med tiltaket. Søknaden må vere fullfinansiert. Dokumentasjon på finansiering må ligge ved søknaden.

Vurderingskriteria

2.1 Fylkeskommunale prioriteringar:

Følgjande vert prioritert ved tildeling av midlar:

- a) Lokale arenaer, som t.d. grendehus, forsamlingshus og ungdomshus, som inneheld kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osb.) vert prioritert.

- b) Fornya søknadar som er godkjent i anleggsregisteret tidlegare, men som har fått avslag grunna manglende rammer.
- c) Kommunale prioriteringar vert følgde, så langt som råd.
- d) Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- e) Geografisk breidde i tildelingane.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Spelemidlane blir fordelt av Kulturdepartementet, og fylkeskommunane har delegert mynde til å fordele vidare midlar innan ordninga desentralisert ordning for tilskot til kulturygg.

Klima:

Mottakarar av tilskot til kulturygg må gjennomføre tiltak i tråd med gjeldande lovreglar i plan- og bygningslova, som mellom anna set krav som gjeld klima og miljø.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Folkehelseoversikta i Vestland 2020-2023 slår m.a. fast at «gode kvardagsarenaer byggjer skaparkraft og identitet hjå dei unge, og kan bidra til at dei ønsker å komme heim igjen.»

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 finn vi kulturarenaer igjen i m.a. mål 3, *Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv* og i strategi 4.1, *Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.*

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR har satsing på kulturygg som eit viktig mål.

Konklusjon

Kunst- og kulturlivet i lokalsamfunna i Vestland treng gode arenaer for å vekse og blomstre. Tilskot til kulturygg i Vestland er med å realisere viktige tiltak for å modernisere kulturarenaene. Det er i 2021 godkjent 46 søknader frå kulturygg med søknadssum på i alt 27 467 422 kr.

Fylkeskommunedirektøren innstiller på å løyve tilskot på 6 161 200 kr til i alt 16 tiltak.

Fylkeskommunedirektøren er uroleg over underfinansieringa av kulturygg via

Kulturdepartementet si fordeling av spelemidlar, og vonar Regjeringa og Stortinget aukar tilskotet til kulturygg i åra framover.